



Vestre Slidre
kommune

Vestre Slidre skule

Slidrevegen 17

2966 Slidre

Telefon: 61 34 51 10

E-post: vss@vestre-slidre.kommune.no

Årsplan SFO Vestre Slidre skule 2023-2024





Vestre Slidre
kommune

Vestre Slidre skule

Slidrevegen 17

2966 Slidre

Telefon: 61 34 51 10

E-post: vss@vestre-slidre.kommune.no



Visjon

Vestre Slidre skule - ein skule for alle, med blick for den enkelte.

Elevsyn

Våre elevar skal føle seg verdifulle og verdsette for den dei er. Elevane skal møtast med respekt, omsorg og tillit.



Generell informasjon

Vårt mål er at alle barn skal ha ein trygg og god SFO-kvardag.

Dette skaper vi gjennom:

- vaksne som er tilstades, som viser omsorg og bygger relasjonar til barna
- gode rutinar og planar
- varierte aktivitetar
- godt samarbeid mellom skule og heim
- barna sin medverknad

Formålet med planen

Den enkelte SFO skal utarbeide ein årsplan eller ein tilsvarande plan som skal vise korleis SFO omset rammeplan sitt verdigrunnlag og innhald til praksis. Planen skal vera eit arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gje informasjon til føresette og andre samarbeidspartnarar.



Overorda mål og verdigrunnlag

SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og skulen.

Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhald og arbeidsmåtar.

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilde behov for 1. – 7. årstrinn.

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar, vera ein trygg plass å opphalde seg for barna utover skuletida og gje barna omsorg og tilsyn. Opplæringslova §13-7.

Det skal leggast til rette for godt samarbeid og informasjonsflyt mellom dei tilsette i skule og SFO.

Barndommen sin eigenverdi

Barndommen har sin eigenverdi, og SFO skal i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barna sitt behov for omsorg og tilsyn samstundes som det skal vere høve for meiningsfull fritid og leik.



Tryggleik, omsorg og trivsel

SFO skal ivareta og møte barna sitt behov for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyring og anerkjenning.

Omsorg er ein føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel og utvikling av empati.

SFO skal fremme barna si fysiske og psykiske helse, og bidra til at dei opplever glede og meistring.

Mangfald og inkludering

Respekt for ulikheit og anerkjenning av mangfald skal leggest til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne barna sine ulike føresetnadar, perspektiv og erfaringar kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn.

Skaparglede, engasjement og utforskartrong

Ved å ta utgangspunkt i barna sin skaparglede, engasjement og utforskartrong skal SFO gje ei god ramme for heilheitleg utvikling og læring. Læring i SFO føregår fyrst og fremst gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med SFO sitt personale.

SFO skal prioritere tid og rom for leik.



Vestre Slidre
kommune

Vestre Slidre skule
Slidrevegen 17
2966 Slidre
Telefon: 61 34 51 10
E-post: vss@vestre-slidre.kommune.no

Demokrati og fellesskap

SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge si verksemd på prinsippet om likestilling og likeverd.

Bærekraftig utvikling

Bærekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen.



Organisering skuleåret 2023-2024

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
7.30-8.30	Frukost (medbrakt) Leik Ute frå 8.30	Frukost (medbrakt) Leik Ute frå 8.30	Frukost (medbrakt) Leik Ute frå 8.30	Frukost (medbrakt) Leik Ute frå 8.30	Frukost (medbrakt) Leik Ute frå 8.30
	Skule 8.45- 14.45	Skule 8.45- 14.15	Skule 8.45- 14.45	Skule 8.45- 14.00	Skule 8.45- 14.45
14.00/14.15/ 14.45- 17.00	Ettermiddags- økt på SFO, mat (medbrakt), leik inne eller ute.	Ettermiddags- økt på SFO. Vi har tilgang på gymsal. Mat (medbrakt), leik inne eller ute.	Ettermiddag- økt på SFO. Mat (medbrakt), leik inne eller ute.	Ettermiddags- økt på SFO. Mat (medbrakt) Leik inne eller ute. Kan bruke gymsal 14.00- 14.45	Ettermiddags- økt på SFO. Mat (medbrakt), leik inne eller ute.

1.og 2.kl. har kultur SFO til kl.14.45 på måndag.



Vestre Slidre
kommune

Vestre Slidre skule
Slidrevegen 17
2966 Slidre
Telefon: 61 34 51 10
E-post: vss@vestre-slidre.kommune.no

SFO VED VESTRE SLIDRE SKULE:

-SFO er ungane si fritid

-SFO skal vera ein plass der barna synast det er godt å vera, ein stad dei er trygge og får den omsorga dei treng

-Vi vektlegg den frie leiken

-Vi skal vera ute i all type ver

-Relasjonar er viktige barn/barn i mellom og barn/vaksne. SFO skal hjelpe barna til å utvikle sine evner til samarbeid og tolmod, og til å ta ansvar for kvarandre og for felles oppgåver

-SFO skal styrke og fremme barna sin eigenkultur gjennom leik innanfor eit større aldersspenn, samt stimulere til kreativ utfolding

-Barna skal få oppleve gleda av vennskap og tilhøyre

-Vi som jobbar på SFO skal vera tydelege, omsorgsfulle og inspirerande vaksne



Samarbeid og samhandling heim – SFO

SFO har eit mål om å ha tett samarbeid med føresette. Føresette skal vera trygge på at barna trivast på SFO. For å oppnå det legg vi til rette for å etablere ein open og god dialog .

Omsynet til barnet sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med føresette, skule, barnehage og andre offentlege instansar. SFO lyttar og tek omsyn til det barnet formidlar. Alle barn i SFO har rett til eit trygt og godt miljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Den viktigaste samarbeidspartnaren for SFO er føresette, så vi ynskjer ein god dialog i arbeidet med å ivareta barnet sitt beste.

Eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom SFO og heim er grunnleggjande for kvaliteten.

I bringe-/hentesituasjon er det mogleg å snakke saman. SFO har også Visma skole- og kan kommunisere med føresette der.

Samarbeid skule – SFO

Eit godt samarbeid mellom skulen og SFO er viktig for å gje best mogleg heilheit i kvardagen for barna.



Vi samarbeider tett med skulen, då klassene kan bruke SFO-rommet til aktivitetar. Skuleområdet er det same, leikene brukar vi felles m.m.

Vi som jobbar på SFO er kjende vaksne for barna. Dei treffer oss ute i friminutt og i vårt daglege arbeid i skulekvardagen.

SFO skal samarbeide med barnehage og skule om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO.

Overordna innhald i SFO:

Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barna skal få høve til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring.

SFO skal legge til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal legge til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.

SFO skal legge til rette for at barn med behov for særskilt tilrettelegging blir inkludert i leik og tilrettelagt aktivitet.



Kultur

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal legge til rette for at barna får delta i ulike kunstneriske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd.

Ved Vestre Slidre skule er vi så heldige at 1.og 2.klasse har tilbod om kultur-SFO på måndagar frå kl.14.00 til 14.45. Her er det kulturskulelærarar som har ansvar for 3 rullerande aktivitetar for barna. Det er også med 2 fagarbeidarar frå skulen.

Elles har vi barn som går frå SFO til kulturskuleaktivitetar og kjem att til SFO eller blir henta når timen er over på kulturskulen.

Fysisk aktivitet og glede ved å røre på seg

SFO skal vera ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremme barna sin glede ved å bevege seg og motorisk utvikling. SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert leik og fysisk aktivitet og bidra til aktivitetslyst.

SFO legg til rette for at barna kan vera utandørs ein del av tida dei er på SFO kvar dag.



Vestre Slidre
kommune

Vestre Slidre skule
Slidrevegen 17
2966 Slidre
Telefon: 61 34 51 10
E-post: vss@vestre-slidre.kommune.no

Vi har eit fantastisk uteområde som vi bruker mykje på SFO. Vi har skog, turnstenger, Tarzanjungel med dekk og stigar, ballbinge og fotballbane som vi har fri tilgang til.

Mat og måltidsglede

SFO skal legge til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, kjensle av fellesskap og gode helsevaner. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å eta i løpet av tida dei er på SFO. Måltidet kan vera medbrakt matpakke eller enkelte gonger mat laga på SFO.

SFO bør legge til rette for måltidsglede med gode samtalar og deltaking og oppleving av fellesskap hjå barna.



ÅRSHJUL

Månad		Aktivitetar	Mål
Aug.	Skulestart 21.aug	Skule og SFO startar. Bli kjent med kvarandre Leik	Barn og vaksne skal bli kjent med kvarande. Bli kjent med rutinar og reglar
Sept.		Turar i nærområde. Samle Haustaktivitetar. Leik. Aktivitetar i gymsal.	Bli kjent med natur, årstids forandringar. Samarbeide kreativt.
Okt.	Haustferie veke 41 9.-13.oktober	Turar i nærområdet. Haustaktivitetar. Organisert og fri leik. Aktivitet i gymsal.	Samarbeid gjennom felles aktivitetar og prosjekt
Nov.	Planleggingsdag 24.nov.Elevfri	Turar i nærområdet. Aktivitetar i gymsal.	Kreativitet, fantasi og samarbeid. Fysisk aktivitet gjennom tur, bli kjent med årstider. Kva skjer i naturen,haust/vinter.
Des.	Siste skuledag før jul er onsdag 22.des.	Juleførebuing. Juleaktivitetar.	Juletradisjonar. Kreativitet, samhald og vennskap.
Jan.	Fyrste skuledag etter jul er onsdag 3.januar	Vinteraktivitetar. Aking og ski/skøyter. Formingsaktivitet	Kreativitet, samhald og fysisk aktivitet. Form og farge.
Febr.	2.februar skulefri Vinterferie veke 9, 26/2-1/3.	Vinteraktivitetar. Aking og ski/skøyter. Fastelavensyndag 11.feb. Bake fastelavensbollar.	Kvifor feirar vi faste? Samarbeid og glede med matlaging og eit ferdig resultat.
Mars	Påskeferie 25/3-1/4	Vaffeldagen 25.mars. Nytt liv i naturen.	Sjå om vi ser kva som skjer i naturen i overgangen vinter / vår.
April	Påskeferie 25/3 – 1/4	Påske og påskeaktivitetar. Tema; kva skjer i naturen om våren.	Fysisk mestring og kjennskap til uteleik i form av organisert leik. Natur og naturen si utvikling.
Mai	Fri: Kr.himmelf.dag torsdag 9.mai, fredag 17.mai. 2.pinsedag 20.mai	17.mai.Ulike aktivitetar rundt 17.mai. Vi fargelegg og dekorerer flagg.	Tradisjonar rundt 17.mai feiring, kvifor og korleis feirar vi nasjonaldagen vår.
Juni	Siste skuledag 21.juni	Rydde og avslutte SFO for skuleåret. Leik og tur.	Gjera ferdig ting vi har jobba med. Rydde skuffer, permar m.m.



Vestre Slidre
kommune

Vestre Slidre skule

Slidrevegen 17

2966 Slidre

Telefon: 61 34 51 10

E-post: vss@vestre-slidre.kommune.no

Desse møter du på SFO:

Björg Heggom, SFO-leiar,
Barne og ungdomsarbeider

bjorg.heggom@vestre-slidre.kommune.no
Telefonnr. SFO rom: 46 84 01 14

Kirsten Ulstølen
Barne og ungdomsarbeider

Marianne Dalen
Barne og ungdomsarbeider

Sissel Skaran Tveit
Barne og ungdomsarbeider

Mette Dalen
Barne og ungdomsarbeider

Mette Rakstad
Barne og ungdomsarbeider

Kristin Luthersdottir Bekkevold
Assistent

Erik Bergan
Lærling



Vestre Slidre
kommune

Vestre Slidre skule

Slidrevegen 17

2966 Slidre

Telefon: 61 34 51 10

E-post: vss@vestre-slidre.kommune.no